



Larsen og Solheim AS
v/Leiv Solheim
Øvre Kråkenes 17
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1030 - 17/10486

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
03.04.2017

Mellombels bruksløyve for brakkebygg - gbnr 99/27 Våge

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 31.03.2017.

Det er sendt inn søknad om ferdigattest saman med søknad om løyve til å ha brakkebygget i perioden fram til 01.04.2019. Då det ikkje ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet for heile perioden brakkebygget skal stå, kan ikkje kommunen gje ferdigattest.

Mellombels bruksløyve gjeld brakkebygg som fungerer som servicebygg for asylmottaket på Vågseidet.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Mellombels brakkebygg
Bruksareal:	260 m ²
Avløp:	Privat
Vatn:	Offentlig

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for brakkebygg på gbnr 99/27 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: mellombels brakkebygg



2. Det må ligga føre samtykke frå Arbeidstilsynet for heile perioden brakkebygget er godkjent for.
3. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.04.2018.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1030

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Aizoon AS

Troldhaugvegen 5232
53

PARADIS

Mottakarar:

Larsen og Solheim AS

Øvre Kråkenes 17 5152

BØNES